

Årsmelding frå Yngres 2018

Meland kyrkje og Frekhaug Indremisjon samarbeider om tiltaket Yngres. I 2018 har det vore 17 Yngressamlingar på Frekhaug Bedehus. Samlingene varer frå klokka 18.30 til 21.00. Samlingane har vore annankvar fredag, utanom i feriane. Samlingene har i år, som tidlegare år, vore for barn frå 5. klasse til og med 7. klasse. Hausten 2018 kom det mange nye barn frå 5. klasse. Før sommaravslutninga 2018 fekk alle frå 4. klasse, registrert i den Norska kyrkja i Meland, invitasjon til sommaravslutninga i posten, samt invitasjon til oppstart på Yngres etter sommarferien. Generelt har det vore svært godt oppmøte i 2018. I haustsemesteret har det vore mellom 40 og 80 barn på kvar samling. Hausten 2018 var det behov for seks leiarar på kvar samling. Vi har måtte be Frekhaug indremisjon om å få nytte salen oppe til andakt og nokre aktivitetar på grunn av at det har vore så mange barn.

På kvar samling er det ei kort fellessamling med andakt. I tillegg er kiosken alltid open, og det har vore tilbud om ulike aktivitetar. Vi har hatt sommaravslutning og juleavslutning med meir program, mat og aktivitetar.

Leiarsituasjonen har i år vore god. Hausten 2018 gav to seg, men frå 2019 har vi fått tre nye leiarar. Målet er å stadig rekruttere fleire leiarar, slik at det ikkje vert så mange samlingar på kvar. Nokre leiarar er med nesten kvar samling, andre har til dømes tre samlinger i semesteret. Til saman er det no 13 leiarar. Vi har bestemt at det no må være seks vaksne på kvar samling. Kari Erikstein er også i år hovudleiar. Ho har ansvar for koordinering og organisering av samlingane, samt skaffe personar til å halde andakt på samlingane. John Henanger har framleis ansvar for regnskapet.

Det har i lang tid vore vanskeleg å få inn medlemspengar på kr.50, då dette er frivillig. I år har vi fått fleire registrerte medlemmer enn tidlegare. Det vert nytta Vipps, og det har vore fleire påminningar i løpet av året. I 2018 var det registrert 34 betalende medlemmer. Yngres fekk i 2018 kr. 5263 kr. i Frifond driftsstøtte.

Leiarane opplever at det er eit godt miljø på Yngres. Deltakarane på Yngres verkar tilfreds og dei får kvar samling med seg ei kort andakt. Vi opplever at dette er eit viktig arbeid for den aktuelle aldersgruppa på Frekhaug.

Kari Erikstein